



<b>REFERAT FRA</b>	Dialogmøte Trafikkplan Nordhordland				
<b>MØTELEIAR</b>					
<b>REFERENT</b>	Stine Karoline Olsen, Skyss				
<b>MØTEDATO</b>	06.06.16	<b>TID</b>		<b>MØTESTAD</b>	Skyss
<b>REF. DATO</b>		<b>ARKIVSAK</b>		<b>ARKIVNR</b>	
<b>DELTAKARAR</b>	Frå Meland kommune - Ingvild Hjelmtveit (rådmann) og Øyvind Oddekalv (ordfører) Frå Skyss - Eivind Draugsvoll, Vigdis Bjørgo, Stine Karoline Olsen				
<b>FRÅVÆR</b>					
<b>KOPI TIL</b>					

## Dialogmøte om innspel til trafikkplan Nordhordland

### Agenda:

- Kort innleiing om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland v/Skyss
- Presentasjon av innspel v/kommunen
- Felles drøfting
- Oppsummering

### Innleiing ved Skyss:

Vigdis Bjørgo innleia kort om bakgrunn og rammer for trafikkplan Nordhordland:

- Kollektivstrategi for Hordaland og Handlingsprogram 2016-2019 gir overordna føringer for utvikling av kollektivtilbodet i fylket. Dokumenta ligg på [www.skyss.no/rapportar](http://www.skyss.no/rapportar).
- Trafikkplanen Nordhordland skal danne grunnlag for spesifikasjon av rutetilbodet i nytt bussanbod for regionen. Nytt anbod skal lysast ut mars 2017. Trafikkplanen skal leggast fram til politisk handsaming før utlysning.
- Trafikkplanen legg til grunn dagens produksjon som økonomisk ramme for nytt anbod. Endringar i rutetilbodet må difor basere seg på omprioriteringar innanfor di gitte rammene.
- Skyss vil legge fram framlegg til trafikkplan Nordhordland i regionrådet til hausten.

### Innspel frå Meland kommune:

Meland kommune gav følgjande innspel i møtet (saka har vore oppe i formannskapet i forkant):



### Skuleskyss

- Kommunen har ikkje planar om endringar i skulestrukturen på kort sikt.
- På lengre sikt kan det bli aktuelt med sentralisering av ungdomsskulane, men her avventer ein ev. kommunesamanslåing.
- Kommunen gir uttrykk for at dei kan sjå på koordinering av skuletider om det er behov.

### Lokalt busstilbod

- Det er viktig at dei bussane som går heilt ut til Skjelanger held fram med å gå.
- Når vegen til Vikebø blir oppgradert, vil dette løyse ut nye byggjefelt.

### Båttilbod

- Kommunen ønskjer fleire båtavgangar, spesielt i helg.
- Ein matebuss vil moglegens redusere behovet for parkering på kaia, men traseen må ikkje bli ein «strafferunde» for dei som skal reise lengre .
- Det er gratis parkering på kaia i dag, og talet på parkeringsplassar bør ikkje bli redusert som følgje av matebuss.
- Forslaget om matebuss kan bli opplevd som eit godt alternativ for dei som bur i nærområde til kaia, men ikkje for dei som bur lengre ut på øya – det er usikkert kor stor marknaden for ein matebuss vil vere. Forslag om at passasjerar kan gå ned siste bakken (frå ungdomsskulen).
- Det er ønskjeleg med koordinering av båttidene slik at ein kan reise frå Nordhordland til Askøy (bytte i Bergen sentrum).

### Tilbod Meland-Bergen og Meland-Knarvik

- Kommunen opplever at det er god korrespondanse for pendlarar frå Meland inn til Bergen i dag.
- Det er klart størst arbeidspendling til Bergen og ikkje Knarvik.
- Ønskjeleg med færrest mogleg stopp på strekninga mellom Flatøy og Åsane terminal.
- Det er behov for meir effektiv korrespondanse mellom bussane på Flatøy.
- Det er ønskjeleg med direktebuss frå Frekhaug til Bergen, utan å måtte bytte.
- Kommunen er nøgd med tilboden frå Meland til Knarvik om morgonen.
- Knarvik er eit viktig reisepunkt på dagtid (både vekedagar og helg), men ikkje vidare utover frå Knarvik. Ønskjer direktebusser mellom Frekhaug og Knarvik.
- Reisebehov mellom Meland og Knarvik er ikkje spesielt stort på kveldstid.
- Det er viktig for kommunen å ha eit kollektivtilbod til Mongstad.
- Det er ønskjeleg at nattbussen går til Rossland fredag og laurdag, i staden for å snu på Mjåtvit/Hjertås. Skyss opplyser at forlenging av nattbussen fredager til Rossland vil gi lang reise for dei som skal til Knarvik. I tillegg må den ekstra kostnaden med forlenging av ruta bli vurdert opp mot passasjergrunnlaget her.



### Utbyggingsplanar

- Vikebø/Rossland er områdesenter i kommunen sine planar, og det er ønskje om at flere bussar går ut /startar der. Skyss opplyser at passasjergrunnlaget er styrande for dette.
- Prosjekta i Nordhordlandspakken (Fosse, Molleklev, Fløksand/Vikebø, Holmekrysset) vil utløyse nye byggjefelt.
- Utbygginga på Flatøy vil ikkje vere gjennomført før om fleire tiår, og er ikkje noko Skyss treng å ta omsyn til i denne trafikkplanen.